79. [1] Tone: Nordlands trompet

1. Da sista eg rimma du veit kva da va
Bet var um ei kjæring so plent øydela
Sin heimsta sin aa sin varna
Skal tru at det ikkje den same veg gjeng
Naar mannen sitt yrkje set gaar upp i sleng
Er sutlaus for kona aa barna.

2. Av sovoren *udom* ein mykje faa sjaa
Men yverlag meira ein frette no daa
So ymist ein finn det kring hyllum
Ei kjæring kan øyda,sin heimstad so plent
Aa mannen kan grida til nitti procent.
Dar er kje so mykje imyllum.

3. So mangeleis mannen kan tyna seg burt
Aa øyda heimen i smaatt aa i stort
Ein kan ikkje vegarna telja
Eg meina da vesta so tynt heve heim
Er *leirbotelssyra* aa alkoholeim
So daarskap gjev lov til aa selja.

4. Paa tusinde maatar ein kan seg no fø
Aa tusinde maatar kan føra til nø
So vore so er , so vil verta
Aa *belsebubs* andi i tale aa skrift
Forsvara aa laga aa selja paa gift
So tyne baa kroppen aa hjarta.

5. Dei veit at med slike ting tenar ein gull
Sjølv om ein veit det er *belsebubs* tull
So kan ein kje lata det væra.
Da gjeldt um aa leva aa hava det gildt
Kva raaka det meg um det endar med ilt
Um æra aa liv ein spolera

6. Daa er det haukar aa krompar fyk til
Paa aadsele knaga, fær aat so dei vil
Aa daa er det viljen det gjeldar
Du far aa du mor i ett hyggjeleg heim
Var dykk fyr syra aa alkoholeim.
Da gjelde so vist enten eller

7. Kvar mann gjera heimen si trivsleg aa ljos
Aa hata so elden all vondskapens kos
So skjemme so pine aa saara.
Paa rusdrykk aa fylla seg mange hev skjemt
Og paa denne elden seg mange hev brent
I godtru ei lete seg daara.

8. O ungdom lat verdi den hyggja si ha
Du ser at den kan ikkje anna enn ska
Aa skjemma aa skitna aa saara
I rusdrykk ei djevelsk fortryllande magt
Den verdsliga æra i rusdrykk er lagt
Med evna til lama aa daara

---

1 Ref: Foto Bj_s128.TIF